

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-151	19/557

Saknr	Utval	Type	Dato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
	Administrasjonsutvalet	PS	
082/2019	Formannskapet	PS	21.10.2019
	Arbeidsmiljøutvalet	PS	
	Kommunestyret	PS	

## Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Rådmannen sitt forslag til budsjett 2020 og ØP 2020-2023

#### Dato

15.10.2019

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til handlingsprogram og budsjettskjema 1A og 1B.
2. Investeringsbudsjett 2020 blir fastsett i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B.
  - a. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån for finansiering av investeringsbudsjettet for 2020 i samsvar med dette.
  - b. Masfjorden kommune tek opp inntil 1,0 mill. i lån frå Husbanken til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.
3. Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i punkt 5 Gebyr og betalingssatsar i rådmannen sitt forslag til budsjett 2020
4. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskatteklova (esktl.) §3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2020 er 7 promille, jf. esktl §11 første ledd.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmannen legg fram med dette budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 til politisk handsaming.

Kommunestyret skal innan utløpet av året vedta årsbudsjett for neste kalenderår og økonomiplan for dei neste fire åra. Årsbudsjett er eit overslag på kommunen sine inntekter for det neste aktuelle året, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har tilgjengeleg. Budsjettet er det primære styringsdokumentet i økonomiforvaltninga. Det er formannskapet som legg fram årsbudsjett og økonomiplan, etter tilråding frå rådmann.

### **Høyring**

Årsbudsjett og økonomiplan vert lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar etter at formannskapet har vedteke framlegg til vedtak.

### **Uttale**

Saldert forslag til budsjett og økonomiplan er utarbeidd i tråd med prinsippa om rammebudsjettering og føringar gjeve i forslag til statsbudsjett for 2020. Forslaget byggjer vidare på tidlegare vedteke økonomiplan, gjeldande politiske vedtak, aktivitetstilpassingar og rådmannen sine tilrådde prioriteringar.

Driftsrammene til avdelingane er vidareført med løns- og prisjustering på 2,5 %, noko lågare enn pårekna kostnadsvekst i kommunesektoren i framlegget til statsbudsjett for 2020 (3,1 %). Differansen (ein underdekning på 0,8 mill.) er i rådmannen sitt forslag til budsjett avsett til ubundne fond. Forklaring og konsekvens av budsjetttrammene er nærare omtalt i handlingsprogrammet.

### **Konklusjon**

Årsbudsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023 er lagt fram i balanse. Netto driftsresultat i 2020 i forhold til sum inntekter er 1,2 %. Målsettinga for kommunesektoren er eit netto driftsresultat på 1,75 % av sum inntekter.

Utfordringar i økonomiplanperioden vert i stor grad prega av å tilpasse driftsnivå til forventa inntekter. Usikkerhetsmoment i økonomiplanperioden er rentenivå, folketalsutvikling og varsla endringar kring kraftinntekter i inntektssystemet for kommunane.

## **Formannskapet - 082/2019**

### **FS - behandling:**

Personal- og økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til Driftsbudsjett 2020 og Økonomiplan 2020-2023 vart samrøystes lagt ut til høyring før handsaming i kommunestyret 21.nov.

### **FS - vedtak:**

1. Driftsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til handlingsprogram og budsjettskjema 1A og 1B.
2. Investeringsbudsjett 2020 blir fastsett i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B.
  - a. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån for finansiering av investeringsbudsjettet for 2020 i samsvar med dette.
  - b. Masfjorden kommune tek opp inntil 1,0 mill. i lån frå Husbanken til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.
3. Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i punkt 5 Gebyr og betalingssatsar i rådmannen sitt forslag til budsjett 2020
4. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskatteklova (esktl.) §3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2020 er 7 promille, jf. esktl §11 første ledd.